



Erlend Drivenes i fjorårets rekordløp. I år var han endå raskare.

Erlend Drivenes frå Tørvikbygd deltok i Solfjelløpet for første gang i fjor. Då slo han like godt til med løyperekord. Tida var 41.15, og før årets løp vart det sagt at den var knallsterk av folk som kjenner både nivået og løypa godt. I år gjorde han denne rekordnoteringa endå sterkare!

Uskedal.no hadde ein liten prat med den 24 år gamle rekordhaldaren og favoritten før løpet. Han satsar først og fremst på ski, men som vi veit kjem mange av dei beste motbakkølparane i landet frå skimiljøet. Erlend Drivenes er blandt dei aller beste langrennsløparane i fylket. Han hevdar seg og godt på landsplan. Han deltar i mange ulike motbakkølør som m.a. Skåla opp og Nuten opp. Han ser på dette som eit ledd i skitreninga. - Det er eit krydder i treningskvardagen, seier den sær s lovande skiløparen.

Han deltok altså i Solfjelløpet for første gang i fjor. Vi syns det er svært kjekt han er tilbake, og han har ei god forklaring på det.

- Eg likte løpet i fjor veldig godt. Både løypa og naturen med den fantastiske utsikten, var heilt topp. Dessutan passar det veldig godt inn i opplegget og reisa er ikkje så lang, er forklaringa frå Drivenes.



I dagens løp tok han ei solid leiing heilt frå start (Foto: Ola Matti Mathisen)

I ei forklaring på kor fint familien Drivenes syntes det var, fortel han at mora gjorde mykje for å få tak i eit bilde av han på toppen frå fjorårets løp. Ho syns det var eit flott bilde med fantastisk utsikt som bakgrunn. Dette bilde er no forstørra og heng på veggen heime hos familien Drivenes. Det fortel meir enn ord kor flott oppleving Solfjelløpet er!

- Du sette rekord i fjor, kva er målet i år? seier vi då vi pensar inn på årets løp.
- Eg hadde ein god dag i fjor, men satsar på endå betre i år. Må jo gå for rekord, veit du, avsluttar Erlend Drivenes samtalen 1 time før løpet.

Og Erlend Drivenes held verkeleg ord. Allereie i første motbakkane la han seg klart i teten, og han nådde toppen av Solfjell etter 40 min. og 26 sek. Dermed forbetra han den knallsterke tida frå i fjor med heile 49 sek. Vi gratulerer!



Etter vinnaren kom det mange, men ingen kunne truga han (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tekst: Thor Inge Døsland

Foto: Ola Matti Mathisen og Anbjørn Høyvik(arkivfoto).